

Fantastisk dag ved Fjellandsbøvatnet.

12.02.2017



Flott dag på isen.

**Vi har i dag ein aldeles nydeleg vinterdag. Ein rundtur viser at mange prisar dette ved å koma seg ut i frisk soloppvarma vinterluft. Gjengen som var samla på Fjellandsbøvatnet hadde det så idyllisk som ein berre kan ha det på slike plasser som denne perla øvst i Uskedalen.**

Isen på vatnet var såpass tjukk at borna kunne boltra seg på isflata. Rett nok hadde foreldra begrensa området slik at dei skulle halda seg på det grunne vatnet utanfor gapahuken til Ingunn E. og Sigmund Myklebust. Ingen bevega seg mot utløpet mot elva eller ut mot det djupare området mot Ulvanåso.

Leiken på isen gjekk for fullt, og det var tydeleg at dei kosa seg i sola. Dei vaksne heldt seg stort sett på land ved gapahuken. Kosa seg gjorde dei òg! Termosen var på plass, fleire bål var tende og det vart gjort klart til grilling. Flokkar rundt bål observerte eg også andre stader i nærleiken av vatnet.

Ingunn E. Myklebust kunne fortelja at temperaturen hadde vore nedi -9 tidlegare i veka, medan ho meinte det var rundt -5 på morgonen i dag. Det er lova fint ver, men litt høgare temperatur, eit par dagar framover. Det gjeld å nytta slike fantastiske vinterdagar godt når vi får dei!



Mange kosa seg ved gapahuken.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.